



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 01.10.2019

Sak nr.: 19/3911-15

Internt l.nr.: 59583/19

Sak: 62/19

Tittel: Regionalt pilegrimssenter i Sogn og Fjordane

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil fremje Selje som regionalt pilegrimssenter som ledd i ein varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.
2. I finansieringa av det regionale pilegrimssenteret i Selje, vert det lagt il grunn at fylkeskommunen bidreg med kr. 400.000 per år frå 2020 (20% av totalkostnad på 2 mill.) under føresetnad av at staten dekker 1,2 mill. (60% av totalkostnad) og Stad kommune kr. 400.000 (20% av totalkostnad) frå 2020.
3. Saka vert sendt vidare til finansutvalet i Vestland fylkeskommune for innarbeiding i budsjett og økonomiplan for 2020

Hovudutvalet vurderte gildskap for Marita Aarvik. Marita Aarvik gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

Endringsframlegg:

Hilmar Høl, Ap, sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil fremje Florø som regionalt pilegrimssenter som ledd i ein varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.
2. I finansieringa av det regionale pilegrimssenteret i Florø, vert det lagt il grunn at fylkeskommunen bidreg med kr. 400.000 per år frå 2020 (20% av totalkostnad på 2 mill.) under føresetnad av at staten dekker 1,2 mill. (60% av totalkostnad) og Kinn kommune kr. 400.000 (20% av totalkostnad) frå 2020.
3. Saka vert sendt vidare til finansutvalet i Vestland fylkeskommune for innarbeiding i budsjett og økonomiplan for 2020

Avrøysting:

Hilmar Høl sitt endringsframlegg fekk 1 røyst og vart forkasta.
Fylkesdirektøren sitt framlegg fekk 6 røyster og vart dermed vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil fremje Selje som regionalt pilegrimssenter som ledd i ein varig regional satsing på Kystpilegrimsleia.
2. I finansieringa av det regionale pilegrimssenteret i Selje, vert det lagt il grunn at fylkeskommunen bidreg med kr. 400.000 per år frå 2020 (20% av totalkostnad på 2 mill.) under føresetnad av at staten dekker 1,2 mill. (60% av totalkostnad) og Stad kommune kr. 400.000 (20% av totalkostnad) frå 2020.
3. Saka vert sendt vidare til finansutvalet i Vestland fylkeskommune for innarbeiding i budsjett og økonomiplan for 2020.